

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|------------|
| Fylkesvalstyret | | 11.05.2021 |

Stortingsvalet 2021 – handsaming av søknadar om fritak

Forslag til vedtak

Følgjande vert friteken frå å stå på innlevert listeforslag ved stortingsvalet 2021:

Valdistrikt Sogn og Fjordane

| Namn | Parti |
|----------------|-------------------|
| Harald Hyllene | Pensjonistpartiet |

Valdistrikt Hordaland

| Namn | Parti |
|------------------------|--------------------|
| Kurt Pedersen | Alliansen |
| Åsmund Neubauer | Alliansen |
| Jahn Stefan Madsen Orø | Piratpartiet |
| Esben André Helland | Fremskrittspartiet |
| Kathleen Petterson | Partiet sentrum |
| Tom Vivelid | Kystpartiet |

Samandrag

Det er innan fastsett frist kome inn i alt 7 søknadar om fritak frå å stå på listeforslag til stortingsvalet 2021.

Vallova § 3-2 regulerer kven som har rett til å krevje fritak frå stortingsval.

Fylkesrådmannen rår til at alle dei 7 søknadane vert innvilga.

Rune Haugdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det var innan fristen kome inn 41 listeforslag til stortingsvalet 2021 i Vestland fylkeskommune. Dei var fordelt slik:

- Sogn og Fjordane: 19 listeforslag
- Hordaland: 20 listeforslag

Kandidatane på listene har i brev av 16.04.21 fått melding om at der er førde opp på listeforslaget til det aktuelle partiet, og at dei må søkje fritak innan 02.05.21. Det er opplyst at retten til å krevje fritak går tapt om ikkje fristen vert halden. Brevet er sendt med KS SvarUT og vart levert til DigiPost, E-boks eller Altinn. Dei som ikkje opna brevet i Altinn innan 40 timer (på arbeidsdagar) eller dei som har reservert seg mot digital kommunikasjon får brevet fysisk i postkassa si. Dei som har teke i bruk DigiPost og E-boks, har godteke at dei må opne breva i desse.

Vallova § 3-2 regulerer kven som har rett til å krevje fritak frå stortingsval. Der står det følgjande:

- «(1) Rett til å kreve seg frittatt fra valg til Stortinget har
- a) den som er stemmeberettiget i et annet valgdistrikt enn der vedkommende er satt opp som kandidat på listeforslag,
 - b) den som har møtt som representant på alle Storting etter forrige valg, og
 - c) den som har avgitt skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stå på den aktuelle valglisten.
- (2) Kandidater som er satt opp på listeforslag må søke om fritak innen den frist fylkesvalgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes av listeforslaget.»

Nytt for året er at det er nok at ein kandidat skriftleg gjer beskjed om at vedkommende ikkje ønskjer å stå på listeforslag, for å få fritak.

Søknadar om fritak

Innan den fristen som vart sett var det kome inn 7 søknadar om fritak frå innlevert listeforslag. Søknadane fordeler seg slik:

Valdistrikt Sogn og Fjordane

| Namn | Parti |
|----------------|-------------------|
| Harald Hyllene | Pensjonistpartiet |

Valdistrikt Hordaland

| Namn | Parti |
|------------------------|--------------------|
| Kurt Pedersen | Alliansen |
| Åsmund Neubauer | Alliansen |
| Jahn Stefan Madsen Orø | Piratpartiet |
| Esben André Helland | Fremskrittspartiet |
| Kathleen Petterson | Partiet sentrum |
| Tom Vivelid | Kystpartiet |

Etter at fristen var gått ut har 4 brev om melding til kandidatane om at dei er førde opp på listeforslag og at dei kan søkje om fritak kome i retur til fylkeskommunen. Det vert gjort alle forsøk på å sikre at desse kandidatane får meldinga og ein moglegheit til å søkje om fritak. Dermed kan det vere aktuelt med ein ny sak om det kjem inn fleire søknadar om fritak.

Vedtakskompetanse

Fylkesvalstyret sitt arbeidsområde er tilrettelegging av val og kontroll med gjennomføring av val i kommunane, og dei har vedtakskompetanse i denne saka gjennom vallova § 3-2.

Vurderingar og verknader

Det er nok å skriftleg erklære at ein kandidat ønskjer fritak frå å stå på eit listeforslag for å få eit slikt fritak, jmf. vallova § 3-2.

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Med grunnlag i vallova vil fylkesrådmannen tilrå at alle dei 7 søknadane om fritak som har kome inn føre fristen, vert innvilga.